

Arkivnr: 2018/15999-7

Saksbehandlar: Britt Karen Spjeld, Per Morten Ekerhovd, Hordaland

Saksbehandlar: Atle Skrede, Ingebjørg Erikstad, Sogn og Fjordane

Sak nr.: 2018/15999-5

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda		18.06.2019

**Anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidler til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune med handlingsprogram 2020-2024****Samandrag**

DPO 3.1, Kartlegginga av kultur- og idrettsfeltet, eksterne kritiske faktorar, syner at fylkeskommunane har noko ulik tilnærming i anleggspolitikk og kriteria for tildeling av spelemidler. For å ha eit best mogleg grunnlag for aktørane ute, kommunane og frivillig sektor, må Vestland fylkeskommune ha ein anleggspolitikk og kriteria for tildeling av spelemidler til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Denne vil vere førande for utvikling av kommunal anleggspolitikk. Dette er særleg tidskritisk for dei kommunane som skal slå seg saman, og gir føreseielege vilkår for kommunane og frivillig sektor i god tid før dei gjer sine prioriteringar hausten 2019. Det er og utarbeidd eit forslag til handlingsprogram med ulike tiltak som skal bidra til å realisere visjon og mål som er sett for anleggsutviklinga for Vestland fylkeskommune.

Dei gjeldande kulturplanane i dei to fylka (med handlingsprogram), eit godt kunnskapsgrunnlag, ei brei medverknad og gode høyringsfråseigner ligg til grunn for framlegg til anleggspolitikk, tildelingskriteria for spelemidler til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv og handlingsprogram for Vestland fylkeskommune 2020-2024.

Fellesnemnda vedtek framlegg til anleggspolitikk og tildelingskriteria for spelemidler til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune med handlingsprogram, gjeldande for perioden 2020 – 2024.

**Prosjektleiar rår fellesnemnda til å gjere følgjande vedtak:**

Fellesnemnda vedtek framlegg til anleggspolitikk og tildelingskriteria for spelemidler til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune med handlingsprogram, gjeldande for perioden 2020 – 2024.

Rune Haugsdal  
prosjektleiar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Prosjektlear, 31.05.2019

### Bakgrunn

Lov om pengespel fordeler overskotet frå Norsk Tipping med 64% til idrettsføremål, 18% til kulturføremål og 18% til samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar, som ikkje er knytt til Norges idrettsforbund og olympisk og paralympisk forbund. Midlane vert fordelte av Kongen i statsråd. Fylkeskommunane har gjennom kongeleg resolusjon av 3. april 1987 fullmakt til å fordele dei spelemidlane som kvart år vert stilt til disposisjon for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Kulturdepartementet krev at fylka og kommunane har ein planforankra anleggs- og aktivitetspolitikk.

DPO 3.1, Kartlegginga av kultur- og idrettsfeltet, eksterne kritiske faktorar, syner at dei to fylkeskommunane har noko ulik tilnærming i anleggspolitikk og kriteria for tildeling av spelemidlar. For å ha eit best mogleg grunnlag for aktørane ute, kommunane og frivillig sektor, må Vestland fylkeskommune ha ein politikk. Regional anleggspolitikk og kriteria for tildeling av spelemidlar vil vere førande for utvikling av kommunal anleggspolitikk. Dette er særleg tidskritisk for dei kommunane som skal slå seg saman.

### Status

Plandokumenta for dei to fylka viser til nasjonale tilrådingar for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Fylkeskommunane sine visjonar legg opp til at fylkeskommunen si rolle er å legge til rette for at flest mogleg skal ha høve til å vere aktiv. Barn og ungdom er prioriterte målgrupper. I tillegg skal det leggest til rette for at personar med nedsett funksjonsevne og fysisk inaktive skal kunne vere aktive.

Plandokumenta vert nytta som verkty i arbeid med kommunale planar. Politikken er førande for innspel til kommunane i deira planprosessar. Dette kan t.d. gjelde plassering av planlagde anlegg og friluftsområde, type anlegg, samlokalisering/sambruk og omsyn til brukargrupper. Brei medverknad skapar gode føresetnader for inkludering. Planane skal gje rom for framtidsetta og behovsprøvde prioriteringar, og vere i tråd med faglege tilrådingar.

Målsetjingane og føringane som ligg i plandokumenta vert underbygd av tilpassa tilskotsordningar og prioritering av tildelingar. Dei ulike definerte satsingsområda i planane er med på å sette retning for utviklinga på område. Dette gjeld i stor grad spelemiddeltildelingane, men også andre statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar.

Spelemiddelordninga er eit vesentleg verkemiddel i samfunnsutviklinga og måloppnåing på fagfeltet. I 2019 vart det fordelt om lag 216 mill. i spelemidlar tilsaman i dei to fylka.

### Omfanget av godkjente søknader/midlar

	Sogn og Fjordane		Hordaland	
	2018	2019	2018	2019
Tal kommunar	26		33	
Søknader nærmiljøanlegg	119	123	122	92
Søknadssum nærmiljøanlegg	30 773 000	33 863 000	26 463 000	20 590 000
Tildelt nærmiljøanlegg	7 944 000	10 560 000	17 803 000	12 174 000
Søknader ordinære anlegg	154	147	219	219
Søknadssum ordinære anlegg	206 872 000	330 263 000	477 833 000	617 752 000
Tildelt ordinære anlegg	53 402 000	66 380 000	114 543 000	133 877 000
Godkjent søknadssum totalt	237 645 000	370 500 000	504 271 000	654 300 000
Gjennomsnittleg ventetid (søknad til tildeling), begge ordningar.	2,9 år	3,7 år	2,8 år	3,4 år

Gjennomsnittleg ventetid heile landet er 2,4 år i 2018 og 2,9 år i 2019.				
Fordeling totalt	61 346 000	76 940 000	132 346 000	146 051 000

### Visjon/mål i plandokumenterna og tildelingskriteria for spelemidlar til idrett og fysisk aktivitet

	Sogn og Fjordane	Hordaland
Planperiode	Regional plan for kultur 2019-2027, Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016 – 2019	Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025
Visjon/mål	<p>Visjonen for fagområdet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er <b>«Fysisk aktivitet for alle»</b>.</p> <p>Visjonen skal gjennomsyre alt arbeid på feltet i regional, kommunal og lokal planlegging av både tiltak- og anleggsutvikling. Særskild viktig er å legge til rette for eigenorganisert aktivitet utifrå føresetnad til den enkelte.</p>	<p>Visjonen for fagområdet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er <b>«Aktiv Kvar Dag»</b>.</p> <p>Mål: alle skal kunne vere aktive etter egne ønskje og føresetnader på allment tilgjengelege område i naturen og i anlegg i nærleiken av der dei bur.</p> <p>Politikk: Ulike anleggstypar er skildra. Grunnlag for m.a. tildelingskriterium for spelemidlar, fylkeskommunale investeringstilskot og innspel til kommunale planprosessar.</p>
Kriterier for tildeling til;		
Nærmiljøanlegg	<p>Nærmiljøanlegg - inntil 15 % av ramme skal få tildeling.</p> <p>Alle kommunar som søker skal få tildeling til minst eit nærmiljøanlegg.</p> <p>Prioriterer tildeling til ferdige reviderte anlegg og frivillig sektor</p>	<p>Minimum 50% av søknadane til nærmiljøanlegg skal få tildeling.</p> <p>Alle kommunar som søker får tildeling til minst eit nærmiljøanlegg.</p>
Ordinære anlegg	<p>Kommunale prioriteringar lagt til grunn, prosentvis fordeling av ramma mellom nærmiljøanlegg og ordinære anlegg</p> <p>Inntil 30 % av ramma skal prioriterast til ordinære anlegg styrt av kommunale planar</p> <p>Prioriterer tildeling til søknadar frå frivillig sektor</p> <p><i>Handlingsprogram (4 år) for utvalde anleggstypar som kan vere kostnadskrevjande, arealkrevjande eller miljø-messig belastning</i></p> <p>Inntil 55 % av ramma skal prioriterast desse ordinære anlegga</p>	<p>Lokale behov avgjer i utgangspunktet kva anlegg som får tildeling.</p> <p>Kommunar med høg godkjent søknadssum vert prioriterte og vekta saman med folketal (70% og 30%).</p> <p><i>For å utjamne ventetida mellom kommunane må ordinære anlegg ha vore ein godkjent spelemiddelsøknad i minst tre år før det kan får tildeling. Dette gjeld ikkje anlegg for friluftsliv som er prioritert.</i></p> <p>Årleg er det fleire kommunar som ikkje får tildeling</p> <p>Fylkeskommunale tilskotsordningar:</p>

		1. Investeringstilskot til idrettsanlegg der ein kan arrangere nasjonale og internasjonale meisterskap 2. Investeringstilskot til idrettshallar i kommunar som ikkje har det
Friluftsliv	Friluftslivsanlegg får tildeling første godkjende søknadsår	Friluftsanlegg kan bli prioritert første godkjende søknadsår
Pressområde	Sogndal og Førde som studiestader kan ha auka press på anlegga, men dette er ikkje lagt til grunn for tildeling.	Om lag 40 % av tildelt ramme skal gå til Bergen kommune om godkjent søknadsmasse tilseier det.  Pressområde i føresegnene frå KUD: Kommunane Bergen og Askøy får 15% utover ordinært tilskot til ordinære anlegg (2019).

### **Anleggspolitikk, tildelingskriteria for spelemidler til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune og handlingsprogram 2020-2024**

Anleggsutvikling er det viktigaste verkemiddelet for å nå visjonen om ein «fysisk aktiv kvar dag» for folk i Vestland. Ulike aktivitetar utøvd i same anlegg/arena kan vere fysisk aktivitet, idrett eller friluftsliv, avhengig av intensitet eller motivasjon for aktiviteten.

Det er innbyggjarane sitt behov for aktivitet som skal liggje til grunn for kva anlegg som skal byggast. Eit godt kunnskapsgrunnlag, god planforankring, samhandling mellom offentleg, frivillig og privat sektor på ulike nivå kombinert med ei brei medverknad frå innbyggjarar er avgjerande for å kunne møte framtidens behov. Tverrsektoriell samhandling er avgjerande for ei heilskapleg forvaltning og ei utvikling som går i same retning. Spelemiddelordninga bidreg til å realisere nasjonale mål for folkehelse, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Kulturdepartementet krev at fylkeskommunane har ein planforankra anleggs- og aktivitetspolitikk.

Framlegget til anleggspolitikk og kriterie for tildeling av spelemidler til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020-2024 byggjer på vedteken politikk i:

- Regional plan for kultur for Sogn og Fjordane (2019-2027)
- Regional kulturplan for Hordaland (2015 – 2025)
- statlege føringar (lover og Meld.st.)

I tillegg ligg det til grunn eit felles kunnskapsgrunnlag. I ein felles idrettsindeks for dei to fylka (Telemarksforskning) vert Sogn og Fjordane og Hordaland samanstilt med fylka Rogaland, Trøndelag og Akershus. Rapporten er supplert med anna føremålstenleg statistikk og anna kunnskapsbehov m.a. statistikk og utviklingstrekk i Vestland, ung-data, levekårsundersøkingar og folkehelseindeks for å bidra til å setje fagfeltet inn i ein større samfunnsutviklingskontekst. Gode innspel er også komne gjennom undersøking kommunane og innspel på høyringsutkastet frå kommunar/regionsråd, regionale frivillige organisasjonar, idrettsråd og idrettslag.

I handlingsprogrammet er det ulike tiltak som skal bidra til å realisere visjon som er sett for anleggsutviklinga for Vestland. Mange ulike aktørar, m.a. kommunar, idretten, friluftorganisasjonar, kompetansemiljø, har eit ansvar for å gjennomføre tiltaka for å kunne nå visjonen «*fysisk aktiv kvar dag*» i Vestland.

I tillegg er det fleire sektorar i fylkeskommunen som har verkemiddel i høve til utvikling og bygging av anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, t.d. opplæring, samferdsel, folkehelse, reiseliv og plan. Ei tverrsektoriell samhandling er avgjerande for ei heilskapleg forvaltning og ei utvikling som går i same retning. Føremålet er å byggje dei «riktige» anlegga og at ressursar vert nytta meir målretta. Tilskot til gjennomføring må forankrast i økonomiplanar og årsbudsjett. Anleggspolitikken skal rullerast etter to år.

### Retningslinjer, søking og saksbehandlarsystem 2020-2024

Kulturdepartementet sine retningslinjer om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet legg premissane for kven som kan søkje om spelemidlar, kva dei kan søkje om og tilskotssummar. Spelemiddelordninga er delt inn i to ulike anleggs kategoriar;

- Ordinære anlegg er anlegg for organisert idrett og fysisk aktivitet og eigenorganisert fysisk aktivitet.
- Nærmiljøanlegg er utandørs anlegg for eigenorganisert fysisk aktivitet, lokalisert i tilknytning til bu- og/eller aktivitetsområder. Nærmiljøanlegget skal vere fritt, allment tilgjengeleg for eigenorganisert, fysisk aktivitet, først og fremst for barn og ungdom (6- 19 år), men også for lokalbefolkninga elles. Nærmiljøanlegg kan unntaksvis nyttast til organisert idrettsleg aktivitet, men eigenorganisert fysisk aktivitet skal ha førsteprioritet.

#### a) Digital løysing for aktuelle tilskotsordningar (framgangsmåte og fristar)

[www.anleggsregisteret.no](http://www.anleggsregisteret.no) er den digitale løysinga alle skal nytte for å søke spelemidlar. Kommunane saksbehandlar alle søknadar og sender over til fylkeskommune via anleggsregisteret innan 15. januar. Fylkeskommunen skal etter delegert mynde frå Kulturdepartementet kontrollere og handsame søknadar og sende rapport til Kulturdepartementet innan 15. mars.

Statsråd fastset tildeling til kvart fylke i starten av mai. Ved fordeling av spelemidlar legg Kulturdepartementet til grunn godkjend søknadssum (50%) anleggsdekning (25%) og innbyggjartal (25%). Forslag til fordeling av spelemidlane vert lagt fram for og drøfta med Vestland drettskrins og Forum for natur og friluftsliv før fylkesdirektøren legg saka fram til politisk handsaming i Utval for kultur, idrett og integrering i mai/juni. Etter vedtak skal fordelinga av spelemidlane registrerast i anleggsregisteret. Brev vert utskriven frå anleggsregisteret før dei skal sendast ut innan 1. juli. Samstundes skal Kulturdepartementet vere orientert om fordelinga i kvart fylke.

Inndregne midlar og renter frå året før vert fordelt på hausten til anlegg som har fått mindre overskringar etter ordinær tildeling og eventuelle klager som får medhald. Om det vert restmidlar etter dette, vert det fordelt vidare på prioriteringsliste frå ordinær tildeling. Evt. klager vert handsama i Utval for kultur, idrett og integrering. Om vedtaket vert oppretthalde vert klagen vidare sendt til Kulturdepartementet for endeleg avgjerd.

#### b) Forvaltning, rutinar og reglement for tilskot (framgangsmåte og fristar)

Som regional aktør er fylkeskommunen ein viktig koordinator for nettverksbygging og kompetanseheving i regionale organisasjonar og kommunane. Dette er forankra i den fylkeskommunale planen, og set føringar for rolla fylkeskommunen har ut mot kommunar og frivillig sektor. Det er eit krav at anlegga det vert søkt om spelemidlar til, står omtalt i kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Fylkeskommunane gjennomfører kommunale samlingar for å styrke kompetanse til saksbehandlarar i kommunane, i tillegg vert det halde kurs om søknadsordninga. Fylkeskommunen bidreg med rådgjeving på telefon og i møter, både med kommunar, idrettslag, friluftsråd, arkitektar m.fl. Fylkeskommunen bidreg også på synfaringar hos anleggseigarar ved behov.

Alle som får tildelt tilskot må levere ferdigattest og revidert rekneskap gjennom kommunen innan to år etter mottak av tilsegnsbrev for å få tilskotet utbetalt. Om tilskotet er på kr 400 000 eller lågare kan revisor til organisasjonen sjølv revidere rekneskapet. Det er og høve til å få 75% delutbetaling om arbeid på anlegget er godt i gang. Om revidert rekneskap ikkje er motteke innan to år vil fylkeskommunen purre på rekneskap før dei inndreg midlane.

Anleggsregisteret må vere oppdatert med t.d. måltall før dei kan få utbetaling.

c) *Vurdere ev. overgangsfase t.d. fleirårige midlar*

Søknadar som har fått deltildeling tidlegare (gjentekne søknadar) skal tildelast heile eller delar av resterande beløp. Tilskot på over 1 000 000,- kan bli fordelt over to år med ein halvdel kvart år. Når tilskot er 6 000 000,- eller meir kan det fordelast over 3 år med ein tredjedel kvart år. Ved tilskot høgare enn dette kan Kulturdepartementet godkjenne tildeling over 4 år.

**Medverknad**

Det har vore ei brei involvering av kommunar og frivillige organisasjonar

- Innspelsdag 16.01.19 og innspelsundersøking for kommunane 22.1.19
- Presentasjon/drøfting med idrettsråda i Hordaland på idrettsrådskonferansen 08.-10.03.19 og med idrettsråda i Sogn og Fjordane på idrettsrådkonferanse – 13.03.19
- Presentasjon/drøfting på felles anleggskonferanse 20.03.19
- Råda for menneske med nedsett funksjonsevne, Ungdommens fylkesutval/ Ungdomspolitisk utval og eldrerådet har fått høve til medverknad.
- Mottekne skriftlege innspel på høyringsutkastet frå 36 kommunar, regionsråd, 7 regionale frivillige organisasjonar, idrettsråd og idrettslag.